



Årsmelding 2012



Årsmelding 2012

Årsmøtet for 2011 vart halde på Grønskaret 8. februar. Eiliv Veseth leia møtet.

Inviterte: Gerd Skjoldal Fatland Ingvil Jørgensen Nortura

Ingvil Jørgensen informerte om lover og regler for Norturas lamerings ordning. Ulike løysingar for drifta vart diskutert i plenum.

Nortura var positivt innstilt til OSG sitt opplegg. Sjølv om dette vert ein annan måte å driva lamering på.

Konklusjon, OSG, Nortura og Fatland må få til ei samarbeids ordning som kan fungera i framtida.

Styret i meldingsåret : Mons Kjetil Vevle, leiar, Ronny Sylta, nestleiar, Kjell Lohne, kasserar, Else Seilen skrivar, Jan Sigurd Thomassen, Gjeterhundkontakt. Vara til styret: Tormod Bruvik 1. og Magnar Olai Mosevoll 2.

Sondre Seilen er redaktør for nettsida vår.

I meldingsåret er det halde 4 styremøte der det er handsama 14 bokførte saker.

Nemnder i 2012

Gjætarhundnemnd: Audun Seilen og Torgeir Njåstad

Utstillingsnemnd: Tormod Bruvik leiar, Eirik Edwardsdal og Eiliv Veseth

Revisorar: Jorunn Holsen og Knut T Bruvik.

Valnemnd: Agnar Vevle , leiar, Johannes Haugland og Lars Mæle

Utsendingar til årsmøtet i **HSG** Else H Seilen og Ronny Sylta. Frå OSG møtte og leiar i gjeterhundnemnda HSG Audun Seilen og Mons Kjetil Vevle leiar i valnemnda HSG. Det er for tida sterkt driv i HSG og svært interessant å vera med på møta.

Medlemstalet: Er pr 11.07.2012 57 stk fordelt på 47 hovudmedlemar 8 husstandsmedlemar og 2 støtte medlemmer.

Skotpremie på rev: For 2012 skal det betalast ut skotpremie for 48 revar her av ein unge. I 2011 vart det felt totalt 17 dyr, (10 vaksne og 7 ungar) Det er utbetalt kr 400 pr. dyr. OSG og Osterøy Sankelag deler utgiftene.

Aktiviteter

Medlemsmøte 29.mars. Til dette møte vart det kjøpt inn projektor til bruk ved slike høve. Kjell Lohne fiksa dette.

Tema var: Rett bruk og behandling for å bekjempe snyltara på best mogleg måte.

Svært so kjekt at veterinær Halgrim Andersen tar på seg slike oppgåver for oss.

Mons K informerte om stoa i lammerings prosessen.

Årsmøte i HSG vart halde på Voss 18 og 19 februar. Frå OSG møtte Else H Seilen og Ronny Sylta.

Innlegg : Leiar i Noregs Bondelag, Nils T Bjørke. *Vestlandslandbruket sin plass i den nye landbruksmeldinga*

I HSG er Audun Seilen leiar i gjeterhundnemnda og Mons Kjetil Vevle i valnemnda.

Ull innsamling: Vårulla vart levert 2. mai og haustulla 22. november til Fatland ull og Nortura. Innsamlingsgodtgjerdse for 2011 og 12 2820 kg ull frå Fatland her av 926 kg for 2011. Frå Nortura 3520 kg ull i 2012. Laget får kr.0,85 i godtgjerdse pr. kg ull for det arbeidet me gjer med ull innsamlinga.

På leiarmøtet i HSG møtte Else H Seilen og Jan Sigurd Thomassen. Hovud tema var **Sauen si framtid i Hordaland.**

Audun Seilen (leiar gjeterhundnemnd HSG) hadde ei flott orientering om Noregs meisterskapet i bruk av gjeterhund i år.

Som skal avviklast 11-13 oktober 2013 i Mørkdalen på Voss.

Mons Kjetil Vevle (leiar valnemnda HSG) hadde eit innlegg om valnemndas arbeids rutinar.

Verlankåring: Vart arr. ved osterøy hallen i samarbeid med Landbruksdagane. Fana/Os/ Arna Sau og Geit. Åsande Sau og Geit.

Ordførar Kari F Aakre Møtte og med lam til kåring. Meiniga er at laga skal samarbeida om kåringa. med på tilstellinga. Det var i år kun OSG Deltok og i kåringa med på tilstellinga av sjået. Dommara på kåringa: Olav Solheim, Gunnar Lægred Gisle H. Fjæreide, Terje Strandtun



Sekreter Gerd Skjoldal. Det vart kåra totalt 108 Lam Frå Osterøy vart 35 lam kåra.

Leiar i HSG Nils Inge Hitland talte til folket der han hadde ei orientering om avlsarbeid på sau.

Lanbruksdagane 29-30 sep.: Utover kåringinga stilte og OSG med stend. Me kjørte ein profilerings presentasjon laga av NSG. Kjell Lohne tok seg av det meste av dette arbeidet. Det vart eit vellukka arr. Med over 1400 besøkande det gav eit netto overskudd på Ca +55 000. BSF osterøy vart og avvika av nemnda for landbruksdagane. Tilgodehavande midlar i underkant av 6 000 vart fordelt likt på dei ulike laga som var tilknytt BSF Osterøy.

Oppsamlings huset: 27. mars vart me vitja av ein gjeng Radværinga som ville høyra om våre erfaringa med lammerings drifta og kor dette var løyst. Dei besøkte Else og Audun for å sjå på deira lausdrift løysing. Takkar Radøy Sau og Geit for eit triveleg besøk.

11. Juni kom det 18 av Norturas rådgivarar på sau. Hadde same opplegget der. Dei var imponert over tiltaket. For tida er dette Norges største lammering.

25. oktober besøk av Esa EFTA sin mattrykkleiksseksjonen og Mattilsynet. Esa var på Osterøy for å sjå at EFTA's reglar var overhaldne når mattilsynet godkjende oppsamlingshuset.

Drifta av lammeringen Nortura har Eiliv Veseth tatt seg av. Han vert lønna av Nortura.

Osg har fått til ein leige avtale der me får kr 5,- for kvart dyr i 2012. Me har og fått inn leige for 2011.

Det er i år levert 1897 dyr til Nortura, auke på 643 stk. Fatland har eigen mann til å ta i mot dyrea på skaret.

Me har same ordninga med Fatland. Fatland har levert 568 Dyr frå skaret, auke på 243 stk. Har og her fått leige for 2011.

Det er sett inn persondør av Ronny og smitte sluse er laga til i huset.



Fagmøte. Med tema "50 søyer gjev meir inntekt på minimum 10 000 kroner ved bruk av avkomstgranska ver." Nils Inge Hitland Dokumentert dette på ein enkel og lett fatteleg måte. Det og plukka ut rette avlsdyr til påsett er viktig i sauehaldet. Litt skuffande at so få medlemmar tok seg tid til å møta. Må og ta med at Nils Inge har ver nr 1, 3 og 4 rekna på O indeks i Noreg 2012



Melding frå gjetarhundnemda

2012 har lokalt vore eit normalt aktivt år, med kurs og fellestreningar på ettervinteren og våren. Resultatet av dette, + godt arbeid på eigenhand, vart to nye til start på gjetarhundprøve. Grattis til Jan Sigurd og Leo, Halvard og Tib for flott innsats og med det godkjente hundar. Håpar dette gjev inspirasjon til fleire om å trenar og bruka hundane målretta mot best mulig arbeidshjelp, og aller helst òg gå prøve å få bruksprov på hunden.

Laget arrangerte i år fylkesmeisterskap i bruk av gjetarhund. Fylkesmeister vart Sander Hindenes og Gael. Lokalt stilte Egil og Audun med til saman tre hundar. Beste plassering vart Audun og Glant Queen med tredjeplass. Dette kvalifiserte òg til ein av ni plassar frå Hordaland i årets NM i Alvdal.

Gjetarhundnemda vil takka alle i dugnadsgjengen som gjorde fylkesprøven til eit flott meisterskap.

Takk òg til alle som stiller på fellestreningar og andre tiltak som vert laga til.

Arbeidsplan2013



Hus til Skilje grinder på skaret
Ferdig stille leige avtale med Nortura og Fatland
Reklame på nettsida
Arr. Fagmøte
Ull innsamling.

STYRET